



I dette området skal kloakkreinseanlegget på Børnes liggja. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Torfinn Myklebust (Innbyggjarpartiet) fekk torsdag forsikringar i formannskapet om at det andre byggjesteget i avløpsanlegget i Uskedalen vil bli starta fortløpande etter det første.**

Formannskapet gjekk samla inn for å starta første byggjesteg og det vil skje rundt 1. oktober. Byggservice AS har fått dette oppdraget..

Det skal i første omgang byggjast to kloakkreinseanlegg, eitt separat i Korsnes og eitt på Børnes industriområde. Det siste skal i framtida handtera kloakken frå heile Uskedalen, med unntak av dei som grensar opp til Korsnes.

Når det gjeld byggjesteg nummer to sa Myklebust i formannskapet at ein må prøva å starta med dette fortløpande etter første. Det fekk han forsikringar om også var opplegget.

Andre byggjesteg er tenkt utført neste år. Då vil det verta bygt pumpestasjonar og overføringsleidningar for å samla kloakken til Børnes.

Av Ola Matti Mathisen